

# Prop. 22 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 20. november 2015,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Rejeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2015.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i Justis- og beredskapsdepartementet.

Dei økte asylinnkomstane til Noreg medfører meir oppgåver for Justis- og beredskapsdepartementet. På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga med 5,0 mill. kroner.

##### *Post 71 Tilskot til internasjonale organisasjoner*

Løyvinga dekker Noreg sine tilskot til internasjonale organisasjoner og internasjonalt samarbeid under Justis- og beredskapsdepartementet. Tilskot under posten utbetalast i hovudsak i utanlandsk valuta. Grunna valutaendringar blir det foreslått å auke løyvinga med 1,0 mill. kroner.

#### Kap. 413 Jordskiftedomstolane

##### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Jordskifteretten har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene blir ført i eigne saksrekneskap, og utgifter og inntekter skal vere i balanse når saka er fullstendig. Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 413, post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3413, post 02. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir løyvinga foreslått redusert med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3413, post 02.

#### Kap. 3413 Jordskiftedomstolane

##### *Post 02 Sideutgifter*

Løyvinga er knytt til tilsvarende utgifter på kap. 413, post 21. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir løyvinga foreslått redusert med 2,0 mill. kroner.

#### Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker godtgjering og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, lagrettemedlemmer,

enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne og reiseutgifter til desse. Løyvinga på posten dekker også utgifter til vitne som møter eller på anna måte gir forklaring for Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, samt naudsynte blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen. På bakgrunn av mellom anna auke i talet på saker etter barnelova, blir det foreslått å auke løyvinga med 34,0 mill. kroner.

## Kap. 430 Kriminalomsorga

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i kriminalomsorga.

#### *Auka utgifter mot auka inntekter*

Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430, post 03.

Inntektene på kap. 3430, post 03 er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2015. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

#### *Leige av fengselsplassar i Nederland – valutaendring*

Leige av fengselsplassar i Nederland betalast i euro. Valutaendringar gjer at utgifter til leige aukar i 2015. Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,3 mill. kroner i forbindelse med dette.

#### *Oppsummering*

Samla blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 430, post 01 med 10,3 mill. kroner.

#### *Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., kan overførast*

Løyvinga dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslatne frå forvaring og varetektsurrogat. Domstolane avgjer om personar skal prøvelauslastast frå forvaring for opphold i institusjon eller kommunal bustad. Det er vanskeleg for kriminalomsorga å anslå utviklinga i utgifter. Med bakgrunn i rekneskapstall og venta utvikling, blir det foreslått å redusere løyvinga med 24,4 mill. kroner.

## Kap. 3430 Kriminalomsorga

### *Post 03 Andre inntekter*

Løyvinga dekker mellom anna leigeinntekter for teneste- og leigebustadar, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadane og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt.

Inntektene på posten er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2015. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 3430, post 03 med 4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 01.

## Kap. 440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta, politireserven og politiet sine særorgan (ikke Politihøgskolen).

#### *Fleire asylsøkjarar*

I Prop. 152 S (2014–2015) blei løyvinga på posten foreslått auka med 25 mill. kroner for å kunne handtere auka i talet på asylsøkjarar på ei god måte, og samstundes ha eit effektivt returarbeid. Den nye prognosene på 33 000 asylsøkjarar i 2015 medfører auke i utgiftene på posten, mellom anna knytt til investering i utstyr, auke i bemanning for registrering av asylsøkjarar og oppretting av nytt innkomstsenter i Østfold, og særskild auke av politiets kapasitet i Aust-Finnmark for å handtere situasjonen som følge av asylsøkjarane som kjem frå Russland over grensa på Storskog. Det blir på denne bakgrunn foreslått å auke løyvinga på posten med 54,6 mill. kroner, sjå også omtale under post 21. For nærmare omtale av prognosene for innkomst av asylsøkjarar, sjå omtale under kap. 490, post 21.

#### *Fullmakt til å overskride*

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2015 blir gitt fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten, post 21 Særskilde driftsutgifter med inntil 15 mill. kroner, dersom det er nødvendig for raskt å kunne setje i verk tiltak for å handtere eit høgare tal asylsøkjarar enn det som er lagt til grunn i løvingsforslaget, jf. forslag til romertallsvedtak.

***IKT i politiet***

Det er dokumentert eit omfattande behov for fornying, modernisering og sikring av IKT-infrastrukturen i politiet. Svakheita kan ha alvorlege konsekvensar for operativ evne, tillit og omdømme til politiet. I tillegg kan det ha verknad for rettstryggleiken. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 14 mill. kroner til formålet i 2015.

***Rammeoverføring – Nasjonalt beredskapssenter til politiet***

Justis- og beredskapsdepartementet har avgjort at prosjekteringen av beredskapssenter på Alnabru skal avsluttast. Dette fører til lågare utgifter enn løyvd i 2015 på kap. 2445 Statsbygg, post 30, jf. omtale i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin nysalderingsproposisjon. Departementet skal sjølv ha ansvaret for den vidare prosjekteringen på Grønmo og Taraldrud. Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,3 mill. kroner knytt til etablering av ny prosjektorganisasjon i 2015.

***Oppsummering***

Samla blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 69,9 mill. kroner.

***Post 21 Særskilde driftsutgifter***

Løyvinga dekker sideutgifter som politi- og lensmannsetaten har i forbindelse med asylsaker, under dette utgifter til uttransporteringar i asylsaker og andre utlendingssaker.

Auke i talet på asylsøkjarar gir meirutgifter til tolk, språkanalyse og andre variable utgifter knytt til registrering av asylsøkjarar. Det blir foreslått å auke løyvinga med 13,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

***Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjemål***

Løyvinga dekker sideutgifter i forbindelse med sivile gjemål. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir det foreslått å auke løyvinga med 3,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 07.

***Kap. 3440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten******Post 07 Gebyr – sivile gjemål***

Løyvinga på posten dekker gebyrinntekter i forbindelse med den sivile rettspleia på grunnplanet dvs., gebyr for tvangsførretning og forliksrådsbehandling. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir det foreslått å auke løyvinga med 55 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 23.

***Kap. 444 Politiets sikkerheitsteneste******Post 01 Driftsutgifter***

Løyvinga dekker driftsutgifter for Den sentrale enhet (DSE) i Politiets sikkerheitsteneste (PST), samt enkelte utgifter knytt til drifta av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

***Livvakttenesta***

PST har i 2015 hatt meirutgifter for livvakttenesta knytt til vern av NATO sin generalsekretær når han oppheld seg i Noreg. Det blir på denne bakgrunn foreslått å auke løyvinga med 3,7 mill. kroner.

***Tilleggslokale***

I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2015 blei løyvinga til PST auka med 63,5 mill. kroner til tilleggslokale. Arbeidet er forsinka. Det blir på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga med 62 mill. kroner.

***Oppsummering***

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 444 post 01 med 58,3 mill. kroner.

***Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap******Post 70 Overføringer til private***

Løyvinga på posten skal dekke tilskot til standar-diseringsarbeidet på el-området i Noreg som blir behandla av Norsk Elektronisk komité. Vidare dekker posten tilskot til Norsk brannvernforening sitt arbeid retta mot brann i bustad. Posten dekker også tilskot til Norsk senter for informasjons-sikkerhet (NorSIS). Stortinget har i tillegg brukt

posten til å løyve tilskot til Rygge beredskapscenter.

I forbindelse med Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett 2015 blei det bevilga 2 mill. kroner til Rygge Beredskapscenter på kap. 451, post 70. Rygge Beredskapscenter er ikkje ei juridisk eining, og kan derfor ikkje tildelast tilskot. Regjeringa foreslår å tildele tilskotet til Østfold fylkeskommune som eigar av prosjektet.

## Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter, samt ressursar knytt til oppfølging av prosjektet. Løyvinga inkluderer vidare ein handlingsplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte, som skal hjelpe til å oppretthalde drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er innført.

I forbindelse med nettoordninga for meirverdiavgift blir det foreslått å redusere løyvinga med 5,4 mill. kroner. 5,1 mill. kroner er meirverdiavgift av ubrukt løyving som er overført frå 2014 til 2015, medan 0,3 mill. kroner skuldast ein avrundingsfeil ved reduksjon av løyvinga i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2015.

### *Post 45 Større innkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker investeringar til den offentlege redningshelikoptertenesta og investeringar knytt til innkjøp av nye redningshelikopter. Løyvinga skal vidare dekke investeringane ved vedlikehalds-, oppgraderings- og modifiseringsprogrammet for Sea King-redningshelikopter.

### *Nettoordninga for meirverdiavgift.*

I forbindelse med nettoordninga for meirverdiavgift blir det foreslått å redusere løyvinga med 3 mill. kroner, som utgjer meirverdiavgift av ubrukt løyving overført frå 2014 til 2015.

### *Innkjøp av nye redningshelikopter*

Løyvinga knytt til innkjøp av nye redningshelikopter blir konsekvensjustert i tråd med det som er realistisk løyving i fastsett styringsramme (P50). Løyving avsett til uvisse vil ikkje bli brukt i 2015. I tillegg er betaling for utdanning av helikopterfly-

garar og utbetring av landingsplassar ved sjukhus utsett til 2016, samt at det blir lågare utgifter til investering i eigedom, bygg og anlegg enn tidlegare antatt. På denne bakgrunn blir det foreslått å redusere løyvinga med 170 mill. kroner.

### *Oppsummering*

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga med 173 mill. kroner.

## Kap. 455 Redningstenesta

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i det enkelte redningstilfellet, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell mv. Utgiftene varierer med mengde og omfang av redningsaksjonar.

Det har m.a. vore auka bruk av sivile helikopter og utgifter til Røde Kors og Norske redningshundar i 2015. På denne bakrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

## Kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker staten sine utgifter knytt til drift av Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) og staten sine plikter som følge av utbygging og drift av Nødnett. Løyvinga omfattar m.a. utgifter til prosjektering i direktoratet knytt til trinn 2, driftsutgifter for innføringsprosjekt brann, tilleggselement innan brann og helse og drift av nettet i trinn 2 i utbyggingsperioden. Utgifter til drift av Nødnett inkluderer utgifter til leige av datalinjer og plasering av nytt utstyr i eksisterande basestasjonar.

Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 456, post 01 mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3456, post 02.

Ein del av avsetninga til uvisse for 2015 skal flyttast til 2016. I tillegg har flytting av milestolpar medført seinare start av betaling for driftsutgifter til leverandør av Nødnett. Ettersom delar av dette gjeld driftsutgifter som blir refunderte av etatar og andre brukarar, medfører dette også nedjustering av løyvinga på kap. 3456, post 03 Faste refusjonar. På denne bakrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 60 mill. kroner.

Som ein del av Regjeringa sitt samla budsjettforslag, blir det foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga med 61 mill. kroner.

#### *Post 45 Større innkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker staten sine utgifter knytt til investering i radionett, utstyr til nødetatane sine kommunikasjonssentralar og radioterminalar knytt til utbygginga av trinn 2 av Nødnett. Det er vidare sett av midlar for å støtte etatane sine innføringsprosjekt. I løyvinga inngår vidare utvikling av funksjonen til Hovedredningssentralanes kommunikasjonsmiddel.

Grunna endring av betalingsmilestolpar er det behov for å auke løyvinga, for å kunne betale leverandørar i 2015. Auken skuldast vidare behov for tilleggskjøp frå etatar og andre Nødnettbrukarar gjennom DNK sine kontraktar med leverandør. Dette medfører også auke av løyvinga på kap. 3456, post 02 Variable refusjonar.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 160 mill. kroner.

### **Kap. 3456 Direktoratet for nødkommunikasjon**

#### *Post 01 Brukarbetaling*

Løyvinga dekker brukarbetaling knytt til utgifter til drift av Nødnett.

Det er venta lågare inntekter frå abonnementsordninga enn tidlegare vurdert. Dette skuldast at brukarar i trinn 2-området tek i bruk Nødnett noko seinare enn tidlegare tenkt. I tillegg er betalinga frå 110-sentralane noko redusert som følge av at start av betaling frå 110-sentralane er forskyvd.

På denne bakgrunn blir det foreslått å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

#### *Post 02 Variable refusjonar*

Løyvinga dekker refusjonar frå brukarane av Nødnett i forbindelse med at DNK har variable drifts- og utbyggingsutgifter som blir initiert av brukarane.

Det blir vist til omtale under kap. 456, post 01 og post 45 om oppjustering som følge av auka anleggsbidrag og tilleggskjøp frå etatar og andre brukarar. Vidare skuldast justeringa at refusjon av

anleggsbidrag utgiftsført på kap. 456, post 01 i 2014 blei refundert i 2015.

På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga med 95 mill. kroner.

#### *Post 03 Faste refusjonar*

Det blir forventa reduksjon i refusjonar frå Nødnett sine brukarar i trinn 2-området knytt til løpende driftsutgifter for Nødnett-utstyr, jf. også omtalen knytt til nedjusteringar på kap. 456, post 01.

På den bakgrunn blir det foreslått å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

### **Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjering til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnd av retten i den einskilde sak eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekker også tapt arbeidsforteneste til tolkar og sakkunnige som ikkje har krav på salær i straffesaker. Løyvinga dekker vidare visse utgifter til Den rettsmedisinske kommisjon, som honorar/godtgjering og reise- og kursutgifter. Løyvinga dekker dessutan salær og reise- og opphaltsutgifter til aktor i militære straffesaker, visse utgifter i sivile saker og utgifter i Justis- og beredskapsdepartementet til omsetting i rettsoppmodings- og utleveringssaker.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, blir det foreslått å auke løyvinga med 40 mill. kroner.

### **Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker godtgjersle til kommisjonens medlemmer og anna godtgjersle, lønn til medarbeidarane i sekretariatet samt andre driftsutgifter knytt til sekretariatet til kommisjonen. På bakgrunn av m.a. at kommisjonen ikkje har vore fullt bemanna i 2015, blir det foreslått å redusere løyvinga med 800 000 kroner. Løyvinga på kap. 469, post 01 blir foreslått auka tilsvarande, jf. omtale under kap. 469, post 01.

## Kap. 469 Verjemålsordninga

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker driftsutgifter til fylkesmannsembata og sentral verjemålsmyndighet.

Driftsutgiftene til fylkesmannsembata er høgare enn forutsett, som følge av auken i mengda einslege mindreårige asylsøkjarar. På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner. Løyvinga på kap. 468, post 01 blir som delvis dekning for dette forslått redusert med 800 000 kroner, jf. omtale under kap. 468, post 01.

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til vederlag og utgiftsfusjon for verjer, jf. verjemålslova § 30, og godtgjering og utgiftsrefusjon for representantar til einslege mindreårige asylsøkjarar og utgifter til tolkar, jf. utlendingslova § 98 f.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, blant anna som følge av ein auke i mengda godtgjeringar til representantar til einslege mindreårige asylsøkjarar, blir det foreslått å auke løyvinga med 40 mill. kroner.

## Kap. 3469 Verjemålsordninga

### *Post 01 Verjemåls-/representantordning, ODA-godkjende utgifter*

Visse innanlandske utgifter knytt til mottak av asylsøkjarar og flyktningar kan i medhald av OECD/DAC sine statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp.

Som følge av auken i utgifter til verjer, knytt til auke av einslege mindreårige asylsøkjarar, blir det foreslått å auke løyvinga med 11 mill. kroner.

## Kap. 476 Eit historisk og moralsk oppgjer med behandlinga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoritetten under 2. verdskrig

### *Post 71 Støtte utanfor Noreg sine grenser til å minnast og å utvikle den tradisjonen og kulturen som nazistane ønskte å utrydde*

Stiftelsen til stønad av jødiske institusjonar eller prosjekt utanfor Noreg har bakgrunn i Stortinget sitt vedtak 11. mars 1999 om eit historisk og moralsk oppgjer med behandlinga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoritetten under den 2. verdskrig, jf. St.prp. nr. 82 (1997–98), Innst. S. nr. 108 (1998–99). Stortinget

løyvde 60 mill. kroner i 1999 for å støtte jødiske institusjonar eller prosjekt utanfor Noreg sine grenser. Løyvinga blei gitt på kap. 476. Stiftelsen skal nå avviklast og beløpet som er igjen vil bli disponert i samsvar med stiftelsen sitt formål.

## Kap. 480 Tilskot til svalbardbudsjettet

### *Post 50 Driftsutgifter*

Det blir foreslått å auke løyvinga til svalbardbudsjettet med 27 mill. kroner.

Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) har gjennom mange år gitt stabile heilårlege arbeidsplassar på Svalbard. Ein vesentleg reduksjon i kolprisen dei siste åra har ført selskapet inn i ein svært krevjande situasjon. Selskapet har derfor måtte seie opp tilsette. Regjeringa vurderer no situasjonen og dei vidare rammene for Store Norske. Eit av hovudmåla i norsk svalbardpolitikk er oppretthalding av norske samfunn på øygruppa. For å støtte opp om dette målet foreslår regjeringa at det totalt løyvast 50 mill. kroner som på kort sikt skal bidra til arbeidsplassar og omstilling i Longyearbyen. Samtidig vil forslag til løyving byggje grunnlaget for ny næringsaktivitet også på lengre sikt mellom anna ved å gje Innovasjon Norge ei rolle i omstillinga av Longyearbyen. Sjå også nærmare omtale i Nærings- og fiskeridepartementet sin nysalderingsproposisjon. Regjeringa vil kome tilbake til ei vurdering av behovet for ytterlegare tiltak i ny melding til Stortinget som skal leggjast fram i 2016.

Løyvinga på svalbardbudsjettet skal dekke tilskot til Longyearbyen lokalstyre på 22 mill. kroner for raskt å setje i gang arbeidet med vedlikehald og utbetring av infrastruktur i Longyearbyen som til dømes veier, vassforsyning, bygningsmasse mv. Tiltaket vil gje etterspørsel etter arbeidskraft i anleggs- og byggjebransjen og redusere etterslep i vedlikehald.

For å sikre ei lokal forankring av arbeidet med omstilling og næringsutvikling i Longyearbyen, blir det også foreslått å løyve 4,5 mill. kroner til Longyearbyen lokalstyre og 0,5 mill. kroner til Svalbard Næringsforening.

## Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

### *Post 01 Driftsutgifter*

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, Utlendingsnemnda og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet for bruk av Datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF), lønnsrefusjonar

for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følger av formannskap i GDISC i eit år frå oktober 2014, blir det foreslått å oppjustere løyvinga på kap. 3490, post 05 med 4,2 mill. kroner mot tilsvarande auke på kap. 490, post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til å auke UDI sin kapasitet på logistikk-området knytt til mottak av asylsøkjarar.

For å dekke inngåtte forpliktingar foreslås possten redusert med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 490 post 23, særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 6,4 mill. kroner.

#### *Fullmakt til å overskride*

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2015 blir gitt fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter med inntil 5 mill. kroner dersom det er nødvendig for raskt å kunne setje i verk tiltak for å handtere eit høgare tal asylsøkjarar enn det som er lagt til grunn i løvingsforslaget, jf. forslag til romertallsvedtak.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak*

Løyvinga på posten skal dekke staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjarar.

Anslaget for venta mengd asylsøkjarar i 2015 blei i Prop. 152 S (2014–2015), auka frå 11 000 til 16 000, og har i etterkant auka ytterlegare. Innkomsten kan bli både fleire og færre enn dette. Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga understrekar uvisse og anslår innkomstane i 2015 til å ligge i intervallet 30 000 – 40 000, med eit punktanslag på 33 000. Som følge av dei høge innkomstane har mottakskapasiteten blitt bygd opp raskt og det er oppretta mellombels akutt innkvartering. I tillegg har behovet for transittplassar auka og det har blitt behov for mellombels innkvartering av personar som ventar på å bli registrert av politiet. Auka utgifter knytt til behov for kapasitet i mottak er anslått til 1 439,5 mill. kroner. Som følge av løvingsforslag i Innst. 20 S (2015–2016) blir meirbehovet redusert med 48 mill. kroner. Som følge av den auka innkomsten av asylsøkjarar blir det oppretta innkomstsenter i Østfold og i Sør-Varanger. Kostnadane knytt til opprettингa av desse innkomstsentera er estimert til høvesvis 100,6 mill. kroner og 54,3 mill. kroner i 2015. Det blir anslått eit behov på 14 mill. kroner

knytt til transport av asylsøkjarar frå Kirkenes. Vidare blir auka utgifter knytt til å auke tryggleiken på mottak anslått til 37,2 mill. kroner. Det er uvisse knytt til anslaga.

På denne bakgrunn blir det samla foreslått å auke løyvinga på kap. 490, post 21 med 1 597,6 mill. kroner.

#### *Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting*

Løyvinga på posten skal dekke utgiftene UDI har til tolking og omsetting i forbindelse med behandlinga av asylsaker.

Som følge av kortare og meir effektiv avvikling av intervju blir det foreslått å redusere løyvinga med 13 mill. kroner.

#### *Post 23 særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling*

Det blir foreslått auke løyvinga på posten med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 490, post 01, jf. omtale under kap. 490, post 01.

#### *Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar*

Løyvinga på posten skal dekke kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i forbindelse med drift av mottak.

Som følge av auka asylinnkomstar blir det foreslått å auke løyvinga med 93 mill. kroner.

#### *Post 70 Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til økonomiske ytingar til asylsøkjarar og flyktningar i tida dei oppheld seg i mottak. Satsane for økonomiske ytingar er differensierte på bakgrunn av søknadsstatus, familiestatus o.a.

Som følge av auka asylinnkomstar blir det foreslått å auke løyvinga med 34,4 mill. kroner.

#### *Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast*

Løyvinga på posten skal dekke reiseutgifter for overføringsflyktningar, familiemedlemmer til personar med vern og flyktningar som drar tilbake til heimlandet.

Som følge av lågare reisekostnader blir det foreslått å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

**Kap. 3490 Utlandersdirektoratet***Post 01 Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar på kap. 490, post 72 kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av lågare del returar til ODA-land blir det foreslått å redusere løyvinga med 12,6 mill. kroner.

*Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, ODA-godkjende utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til reiseutgifter for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon på kap. 490, post 75 blir det foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner.

*Post 04 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til mottak for asylsøkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om auka løyvingar under kap. 490, post 21, post 60 og post 70, blir det foreslått å auka løyvinga med 1 495,2 mill. kroner.

*Post 05 Refusjonsinntekter*

Posten består av refusjon for fellestener frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) og refusjon for andre verksemder si bruk av IKT-systemet DUF, samt andre mindre refusjonar.

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, UNE og IMDi for bruk av DUF, lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følger av formannskap i GDISC i år, blir det foreslått å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner.

**Kap. 491 Utlandersnemnda***Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttas under kap. 491, post 01*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter knytt til behandling av saker i nemndmøte.

På grunn av lågare utgifter til nemndbehandling enn tidlegare lagt til grunn, blir det foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget  
om endringar i statsbudsjettet 2015 under Justis-  
og beredskapsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2015 under Justis- og bered-  
skapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2015 under  
Justis- og beredskapsdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 344 489 000 til kr 349 489 000	5 000 000
	71	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med ..... frå kr 12 841 000 til kr 13 841 000	1 000 000
413		Jordskiftedomstolane	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 9 686 000 til kr 7 686 000	2 000 000
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 163 883 000 til kr 197 883 000	34 000 000
430		Kriminalomsorga	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 3 877 016 000 til kr 3 887 316 000	10 300 000
	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømte mv, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... Frå kr 90 554 000 til kr 66 154 000	24 400 000
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 13 701 005 000 til kr 13 770 905 000	69 900 000
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 336 186 000 til kr 350 086 000	13 900 000
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjeremål, blir auka med ..... frå kr 22 621 000 til kr 26 021 000	3 400 000
444		Politiets sikkerheitsteneste (PST)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 711 394 000 til kr 653 094 000	58 300 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
454		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 693 329 000 til kr 687 929 000	5 400 000
	45	Større utstyranskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 444 688 000 til kr 271 688 000	173 000 000
455		Redningstenesta	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 21 021 000 til kr 26 021 000	5 000 000
456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 589 689 000 til kr 528 689 000	61 000 000
	45	Større utstyranskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 1 277 264 000 til kr 1 437 264 000	160 000 000
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 007 593 000 til kr 1 047 593 000	40 000 000
468		Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 15 173 000 til kr 14 373 000	800 000
469		Verjemålsordninga	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 187 656 000 til kr 189 656 000	2 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 92 208 000 til kr 132 208 000	40 000 000
480		Svalbardbudsjettet	
	50	Tilskot, blir auka med ..... frå kr 283 712 000 til kr 310 712 000	27 000 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 890 892 000 til kr 897 292 000	6 400 000
	21	Særskilde driftsutgifter, asylmottak, blir auka med ..... frå kr 1 680 500 000 til kr 3 278 100 000	1 597 600 000
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, blir redusert med ..... frå kr 55 477 000 til kr 42 477 000	13 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	23	Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling , <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	800 000
		frå kr 4 171 000 til kr 4 971 000	
	60	Tilsot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar, blir auka med .....	93 000 000
		frå kr 279 204 000 til kr 372 204 000	
	70	Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, blir auka med .....	34 400 000
		frå kr 422 133 000 til kr 456 533 000	
	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	3 000 000
		frå kr 21 089 000 til kr 18 089 000	
491		Utlendingsnemnda	
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttast under kap. 490, post 01</i> , blir redusert med .....	2 000 000
		frå kr 11 036 000 til kr 9 036 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3413		Jordskiftedomstolane	
	02	Sideutgifter, blir redusert med .....	2 000 000
		frå kr 9 777 000 til kr 7 777 000	
3430		Kriminalomsorga	
	03	Andre inntekter, blir auka med .....	4 000 000
		frå kr 16 111 000 til kr 20 111 000	
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	07	Gebyr – sivile gjeremål, blir auka med .....	55 000 000
		frå kr 583 001 000 til kr 638 001 000	
3456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Brukabetaling, blir redusert med .....	7 000 000
		frå kr 209 861 000 til kr 202 861 000	
	02	Variable refusjoner, blir auka med .....	95 000 000
		frå kr 53 054 000 til kr 148 054 000	
	03	Faste refusjonar, blir redusert med .....	6 000 000
		frå kr 34 945 000 til kr 28 945 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
3469		Verjemålsordninga	
01		Verjemåls-/representantordning, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	11 000 000
		frå kr 9 139 000 til kr 20 139 000	
3490		Utlendingsdirektoratet	
01		Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	12 600 000
		frå kr 138 034 000 til kr 125 434 000	
03		Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	2 100 000
		frå kr 22 189 000 til kr 20 089 000	
04		Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	1 495 200 000
		frå kr 1 102 345 000 til kr 2 597 545 000	
05		Refusjonsinntekter, blir auka med .....	4 200 000
		frå kr 11 310 000 til kr 15 510 000	

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*

## II

### Fullmakt til å overskride

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2015 kan overskride løyvinga på kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten, post 21 Særskilde driftsutgifter med inntil 15 mill. kroner, og kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter med inntil 5 mill. kroner, dersom det er nødvendig for raskt å kunne setje i verk tiltak for å handtere eit høgare tal asylsøkjarar enn det som er lagt til grunn i løyvingsforslaget.







07 Xpress AS